

Høyring: Rapport frå prosjektet for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Brukarutvalet i Helse Fonna har hatt denne saka oppe på møte 25. januar 2017.

Me har gått igjennom dei dokumenta som ligg føre i saka. Brukarutvalet har hatt brukarrepresentant med i denne prosessen, og me stiller oss bak fleirtalsvurderinga som er gjort i denne saka.

### Litt om kva det står i Nasjonal helse- og sjukehusplan

«For pasientane er både kvalitet og nærheit viktig»

«Behandlingskvaliteten skal ikkje vera avhengig av kven du er og kor du bor»

### Helse og omsorgsminister Bent Høie seier i forord til Nasjonal helse- og sjukehusplan:

«Vårt prosjekt er å skape pasientens helseteneste. Det betyr trygge sjukehus og betre helsetenester – uansett kor du bur.»

### Odda er blant Dei plassane som gir spesielle utfordringar og då seier det i sjukehusplanen:

«sjukehuset kan ha akuttkirurgi dersom geografi og busettingsmønster, avstandar mellom sjukehus, tilgjengelegheit til bil-, båt- og luftambulansenester og vêrforhold gjer det nødvendig»

Det kan leggjast til rette og kommenterast mykje, men ikkje vêrforholda. Det er spesielle utfordringar med luftambulansen i området og klimautfordringar i framtida vil sei at det ikkje er spørsmål om vegen kan bli stengd, men når vegen blir stengd.

Me stiller oss spørsmål om kven som tar konsekvensane dersom ikkje Odda sjukehus får ha dei funksjonane som skal til for å vera eit akuttsjukehus?

I den Nasjonale helse- og sjukehusplanen side 10:


«Å ruste spesialisthelsetenesta til å møte framtidens behov i eit så langstrakt og sprett befolket land som vårt, handlar i stor grad om å finne god balanse mellom det som haster og det som kan planleggast, mellom det som kan gjerast sentralt, og det som kan skapast lokalt. Når motstridanes interesser gjer det vanskeleg å bli einige om kva som er den beste løysinga, har regjeringa eit gjennomgåande svar: **Hensyn til pasienten skal alltid vege tyngst**»

### Konklusjon

Skal Regjeringa skape **Pasientens helseteneste**, så må pasientane bli høyrde i ei slik grunnleggjande sak som dette.

Her er det ikkje tvil om at pasientane er samstemte i at kirurgisk akuttfunksjon må behaldast, og dette støttar også Brukarutvalet i Helse Fonna

Stord 08.02.2017



Laila Stensletten

Leiar i Brukar utvalet i Helse Fonna